

Til ammegeithaldarar og lokallag i Sogn og Fjordane

## SFSG inviterer geitehaldarar til Ammegeitkveld på Skei den 13. februar 2019 kl 1700

Sogn og Fjordane har mange ammegeithaldarar og etter tilbakemeldingar på fylkesårsmøtet i 2018 oppretta fylkesstyret eit eige utval som skal jobba for medlemmer som driv med ammegeit i Sogn og Fjordane. Eit hovudmål for utvalet vil vera betra økonomi og avl innan ammegeit. Nokre av oppgåvene til gruppa vil vera å utforma krav til dei årlege jordbrukstingingane og å gje fylkesstyret innspel om problemstillingar i samband med ammegeit. Ei anna oppgåve kan vera fagsamlingar. Aktiviteten må liggja innan for NSG sine lagslover og budsjett fastsett for utvalet.

Me ynskjer å koma i kontakt med flest mogeleg av ammegeithaldarane våre, og i den samanheng få tilbakemeldingar på kva utvalet bør arbeida med.

Me inviterer difor til ei samling på Skei den 13. februar 2019 kl 17.00 for å diskutere og legge ein plan for kva ammegeitgruppa skal arbeide med.

Thomas Bjørhovde frå fylkesstyret vil følgje opp utvalet og vera styret sin representant. Då dette er ei ny og spennande gruppe håpar me at så mange lokallag som mogeleg har høve til å sende ein eller fleire representantar som verkeleg brenn for denne typen drift.

Påmelding til Thomas Bjørhovde innan 10.februar, mobil: 970 52 886, e-post: [thomasbjorhovde@hotmail.com](mailto:thomasbjorhovde@hotmail.com)

Ved dårleg oppslutning om møtet, vil styret tolke dette som at det ikkje er behov for eit slikt utval, og vil då leggje ned utvalet for ammegeit.

Styret i SFSG

Postadresse:  
Ragnhild Sæle  
Stranda 57  
6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342  
E-post: [ragnhild.saele@enivest.net](mailto:ragnhild.saele@enivest.net)

Bankgiro: 3703 20 15213  
Orgnr. 971 115 599